

Til Alver kommune. Plan-og byggesak v/Einar Aase.

Gjeld Gnr. 318 bnr. 34 Sagstad øvre. Avklaring av vidare saksgang. Dykkar ref. 22/6806-22/75172.

Syner til dykkar brev av 30.09.22.

I reguleringsplanen for Solhaug gnr. 318 bnr. 14 mfl. er det regulert inn ein felles tilkomstveg for gnr. 318 bnr. 35 og 36 nemnd FA 4 i reguleringsforskrifta prg. 6.1.5. Denne tilkomstvegen er regulert inn på eigedomen til gnr. 318 bnr. 34 utan at nåverande eigar eller tidlegare eigarar har inngått noko avtale om slik regulering. Vanlegvis vert slike fellesvegar som gjeld særskild for einskilde bruk, regulert inn på eigedomane til dei bruka som skal gjera seg nytte av fellesvegen. Dvs. i dette tilfelle bnr. 35 og 36. Det burde det vore gjort her og. Nå viser det seg at eigar av bnr. 36 har søkt om og fått løyve til å leggje tilkomsten til sin eigedom direkte frå fellesvegen på gnr. 318 til sin eigedom bnr. 36. Det same må då og gjelde for bnr. 35. Dette har eigar av bnr. 36 orientert om i vedlagde brev av 18.09.22 i pkt. 2 vedk. hans nabomerknad. Konsekvensen av slikt løyve, som kommunen her har gitt, må då vera at den regulerte fellesvegen for desse to bruka (bnr. 35 og 36) ikkje vil bli bygd eller tatt i bruk. Det vil vera urimeleg at bnr. 34 skal ha eit slikt hefte på sin eigedom i reguleringsplanen. Den innregulerte fellesvegen må derfor fjernast frå reguleringsplanen dvs. at både plankartet og forskrifta til planen må endrast. Sidan kommunen sjølv her ikkje har følgd reguleringsplanen ved å gi tilkomstløyve til desse to bruka direkte frå alt bygde fellesvegar, må konsekvensen vera at kommunen sjølv må syte for at denne reguleringsplanen vert endra slik som skissert ovanfor samt å ta kostnaden med endringa. Alternativet er at kommunen ser bort frå den innregulerte fellesvegen ved handsaming av tiltak for det området som denne fellesvegen har innverknad på slik som kommune alt har gjort ved å gi tilkomstløyve til bnr. 36 og 35 i strid med reguleringsplanen.

Sakshandsaminga ved vurdering av dispensasjonssøknaden frå nabogrense vedk. støttemur/planering vil då måtta bli:

Alt. 1. Dersom kommunen meiner at omsøkt støttemur ikkje kan godkjennast grunna den tidlegare omtala innregulert fellesveg i reguleringskartet, må kommunen sjølv syte for at reguleringsendringa vert gjennomført før dispensasjonssøknaden vert handsama.

Alt. 2. Dersom kommunen vel å sjå bort frå innregulert fellesveg, slik som kommunen har gjort ved å godkjenne nye tilkomstar til bnr. 35 og 36 over alt bygde fellesvegar, kan søknad om dispensasjon handsamast så snart kommunen har høve til slik handsaming.

Sidan det er kommunen som skal handsama saka, må det og vera kommunen som vel kva alternativ som skal leggjast til grunn ved handsaminga.

Frekhaug 04.10.22.

Jens H. N. bjørndal

Ansv. Søkjar.

